



Byggesak Norge AS  
Postboks 233  
2381 BRUMUNDDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2552 - 14/10641

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
29.09.2014

## Byggesak Gbbr. 32/12 Hella - søknad om løyve - bruksendring og tilbygg - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.09.2014.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje kan handsamast slik den ligg føre:

1. Arealet som eigedom gbnr. 32/12 ligg på er i kommuneplanen definert som område for næringsvirksomhet. Søknad om tilbygg til leilegheit er ikkje i samsvar med arealformål i plan. Før søknad om løyve kan handsamast må det liggje føre dispensasjon frå arealformål.
2. Ansvarleg søker har plassert tiltaket i tiltaksklasse 1. Søknaden omfatter søknad om bruksendring til selskapslokale. Byggjesaksmynde i Radøy ber om at ansvarleg søker vurderer om tiltaket/deler av tiltaket skal plasserast i høgare tiltaksklasse.

Kommunen ber vidare om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

3. Prosjekteringsgrunnlag for brannteknisk vurdering av tiltaket .
4. Prosjekteringsgrunnlag for universell utforming av tiltaket.

Kommunen ber om at revidert søknad og tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.10.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Steinar Vågenens

Radøyvegen 2226 5936

MANGER

**Mottakarar:**

Byggesak Norge AS

Postboks 233 2381

BRUMUNDDAL